

Mål og tiltak for IA-arbeidet i Regionalavdelinga 2015-2018

Mål for nærvær for Regionalavdelinga

Bakgrunn:

Per 20. november 2014 hadde Regionalavdelinga eit nærvær på 96,5 % (3,5 % fråvær knytt til eigen sjukdom). Av korte sjukefråvær var 2/3 eigenmeldt fråvær. Det var få lange sjukefråvær.

Regionalavdelinga sitt IA-mål:

Fortsatt høgt jobbnærvær på Regionalavdelinga

Resultatmål:

Jobbnærvær på Regionalavdelinga: 96 %

Tilpassa IA-tiltak for Regionalavdelinga

Tiltak	Frist	Ansvar
Følgje opp Medarbeidarundersøkinga 2014 – dei seksjonsvise handlingsplanane og på avdelingsnivå.	Avdelingssamling mars Kontinuerleg i seksjonane	Fylkesdirektør og seksjonsleiarar
Fortsatt fokus på at medarbeidarane får nytta sin kompetanse og utvikle seg i arbeidet.	Kontinuerleg	Fylkesdirektør og seksjonsleiarar
Betre fysisk arbeidsmiljø, gjennom oppgradering av utdaterte møbler og IT-utstyr, og melde forhold til eigdomsseksjonen.	Kontinuerleg	Stabsleiar
Følgje opp HMT-meldingar i Kvalitetssystemet slik at utfordringar vert fanga opp og tatt tak i etter kvart som dei oppstår. Årleg kartlegging av det fysiske arbeidsmiljøet gjennom vernerunde vert også gjennomført.	Kontinuerleg Årleg kartlegging	Seksjonsleiarar Stabsleiar Fylkesdirektør
Fortsetje med kvardagstrim i 11. og 12. etasje.	Kontinuerleg	Felles ansvar
Vi vurderer gåande møte i frisk luft der det kan vere eit alternativ til å sitte stille.	Kontinuerleg	Seksjonsleiar/ Felles ansvar
Vi vurderer alltid om frukt eller anna sunn mat er eit alternativ til kake i møter med servering.	Kontinuerleg	Felles ansvar